


## Pippi på skulen

- Morn! ropte Pippi. – Kjem eg tidsnok til pluttifikasjonen?
- Velkommen på skulen, vesle Pippi, sa frøken.
- Eg håper du vil trivast her og lære mykje.
- Ja, og eg håper eg får juleferie, sa Pippi.
- Det er derfor eg har komme hit.
- No får du fortelje kva du heiter, sa frøken.
- Eg heiter Pippilotta Viktualia Rullegardina Krusemynte Efraimsdotter Langstrømpe.
- Jaja, sa frøken. – Vi får kalle deg Pippi.
- Kan du seie meg kor mye 7 og 5 er?



Pippi såg på frøken. – Ja, veit du ikkje det sjølv, så skal du ikkje innbille deg at eg vil fortelje det!

- 5 og 7 er 12, sa frøken.
- Sjå der! sa Pippi. Du visste det jo sjølv!
- No, Pippi, kor mye er 8 og 4?
- 67, svarte Pippi.
- Nei, 8 og 4 er 12.
- Å nei, du. Du sa nettopp at 7 og 5 er 12. Litt orden må det jo vere på skulen her. Og om du synest det er moro å snakke om alt det der, så set deg i ein krok og la oss vere i fred. Så kan vi leike sisten.



Frøken bestemte seg for å gi opp rekninga.

### Oppgåver:

Sjå Elevbok 4A side 97.

Gjer oppgåvene 1, 3, 4, 5, 6, 7, 8.